



Lyngmo-Glytten 21. årgang – September 2012 Medlemsblad



LYNGMO  
GLYTEN



**Jesus møter oss på forskjellige måter.**

For nokon gjennom skaparverket og solskinnet.

For nokon gjennom Bibelen.

For nokon gjennom relasjon til andre menneske.

**Tema for haustens leirar er "Jesus møter mennesker".**



# Helsing frå Lyngmo

På Lyngmo er det leirar heile året, noko som er hovudaktiviteten og oppgåva vår. Opplevinga av å sjå og ta i mot born og ungdom som kjem inn døra og er klar for leir, med andletet fylt med spenning, adrenalin, sommarfuglar, glede og mange andre ulike følelsar - er den viktigaste inspirasjonen i arbeidet eg gjer på Lyngmo. Det å komme inn døra og skulle væra aleine på leir og sove vekke frå mamma og pappa er eit stort steg for mange.

Leiarane som står og tek i mot borna ønskjer å gje dei nokre dagar med tryggleik, varme, gode opplevingar og eit glimt av Jesus sin kjærleik til alle menneske. Det er eit stort ansvar å passe på borna, men me trur at opplevinga av fellesska-

pet på leir, og det å verta sett av vaksne personar, med god tid til dei, er noko som betyr mykje for borna!

Til dei neste leirane venter nye aktivitetstilbod på hemsen:



Saman med ei jamn auke av ulike arrangement, har den økonomiske situasjonen for Lyngmo betra seg dei siste åra. Styret vårt er glade for å ha gjort vedtak om å tilbakebetale det meste av gjelda vår no i september! Dermed er internatet som var ferdig i 2004 nedbetalt!

Styret ønskjer no å sjå framover for å vidareutvikle leirstaden vår til å verta eit endå betre arbeidsreiskap i det arbeidet me skal driva. Det er litt oppussing og oppgradering av eksisterande bygningsmasse som skal gjerast, men det store løftet vert å sjå på fram mot ei eventuell nybygging av den gamle internatdelen. På sikt er me nødt til å gjera noko med denne internatdelen og styret er i gang med å jobbe med ulike løysingar!

Me håpar på at me får til eit bredd engasjement frå folk i Sogn til å være med på dette løftet når planane er klare!

- Kjetil -



Like us on  
**Facebook**

**Framsidefoto:** utsikt frå Lyngmo. **Fotograf:** Endre Hilleren



# Dugnadspersonen - Bjarne Nygard

Ein av mange som gjer ein stor dugnadsinnsats på Lyngmo er elektrikaren vår – Bjarne Nygard. Bjarne kjenner alt som er av elektriske kablar, leidningar, lysrøyr, brannvarslingsanlegg, sikringsskap, straum på campinga, straum til hyttene og dei fleste andre installasjonane som treng straum på Lyngmo.

Bjarne har gjort mykje viktig og verdifullt arbeid for Lyngmo i mange år, som innleigd frå Holen Installasjon, og som dugnadsperson. Fagarbeidrarar som på denne måten gjer dugnad innafor sitt fagfelt, gir ein svært stor gevinst i forhold til at me måtte leigd inn denne hjelpa. Engasjementet for Lyngmo har vore der svært lenge og Bjarne har også delteke aktivt innafor anna arbeid her på huset.

Vedlikehald av bygningar er ein viktig del av drifta på Lyngmo! For å halde opp standarden er det ein føresetnad at me har folk som er villige til å støtta opp og hjelpe oss. Dersom du har ein ledig dag inni mellom, så har me stor bruk for hjelp til mange ulike oppgåver: Maling, snekring, vasking, rydding, køyre trillebår, slå



plener og anna. Dei fleste kan ta del i noko av det som trengst hjelp til!

På biletet monterer Bjarne eit utelys, som skal gjere at camping- og hyttegjestene litt enklare finn vegen til toalettet om natta:)





# Pangstart

Den aller fyrste ”Pangstart”-leiren fekk ein **PANGSTART!** Ein ny type sommarleir for born mellom 11-13, som Lyngmo arrangerte i samarbeid med kyrkja i Luster og Sogndal 12-16. august.

20 born, 7 ungdomsledarar og vaksenledarar fekk ein god avslutning på sommarferien med fantastisk ver og spennande program.

Fyrste dagen var ein minileir berre for ungdomana med eit lite kurs i det å vere leder på leir. Resten av veka inneheldt bading, kano, pølsegrilling og diverse aktivitetar rundt temaet ”noko i lufta”.

Vi snakka om Den Heilage Ande og Andens frukter - kven, kva og korleis dette er for oss menneske i tru og kvardag. Dette blei òg formidla gjennom ulike aktivitetar som å måla, laga trebåter, natursti og laga smoothie. :)

Vi hadde nokon fantastiske dager og gledar oss allerede til neste sommar. Bli med du òg!! :)





# Leirtraveren

**Namn :** Gip Ketthim

**Kjem frå :** Kaupanger :)

**Alder :** 13. Blir 14 i november. :)

**Har du vore mange gonger på leir?**  
To gonger!

**Du var på leir i sommar, er det noko du hugsar spesielt godt?**

At eg bada til eg blei iskald, og alle vennene mine!

**Kva er det beste leirminnet ditt ellers:**

Det må vere første gongen min på leir, for då møtte eg bestevannene mine.

**Kva er det du syns er så bra med Jesus?**

Jesus er på ein måte ein bror for meg, og Gud er min far. Han er god, konge! Alt er bra med Jesus syns eg. :)

**Kjem du att på leir i haust?**

Ja, det skal eg! :)

**Tusen takk for intervjuet, Gip! :)**



# NRK på besøk

På sommarens 5-7. klasseleir fekk me besøk av ein journalist frå NRK Sogn og Fjordane. Dette var spennande både for deltakarar og leiarar og resulterte i ein reportasje på nettsida deira og eit radiointervju. Middag i matsalen, rominspeksjon av jenterom, kiosk og fritid var noko av det som stod på programmet under besøket.

**Les reportasjen på:**

[www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_sogn\\_og\\_fjordane/1.8228734](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/1.8228734)

The screenshot shows the NRK website interface with the following details:  
 - Top navigation bar: NRK, Nyheter, TV, Radio, Søk.  
 - Sub-navigation: NRK → Nyheter → Distrikt → NRK Sogn og Fjordane.  
 - Date: 03.09.2012.  
 - Article title: Kristenleirane like populære som før.  
 - Article thumbnail: Leir på Lyngmo (showing children playing).  
 - Right sidebar: Fylkesleksikon (with a statue of a person), NRK internasjonale (with a globe), and Vinn kaxpose (with a landscape photo).



# Dette skjer på Lyngmo:

Me ønskjer velkommen på:

**Barnas songleir** er 23-25. nov og er ein leir for deg mellom 2. og 7. klasse. Dette er ein populær leir som inneholder mykje sang, leik og moro! Òg i år får me besøk av Stian Lavik frå Frekhaug som har regien på helga. Framsyning av konsert for foreldra på søndagen.

**16:30 leiren** er 9-11. november for deg mellom 16 og 30 år. Sjå annonsen på neste side.

**Nyttårsleiren** er eit familiearrangement med godt tilrettelagt feiring for store og små. Feir det nye året med vene og kjende, herlig koldtbord, kaker og raketter. Overnatting, frukost og familiesamling 1.nyttårsdag. Masse kjekt for barna!

## September

- 7-9. 2-4.klasse leir
- 21-23. Internatmøte for kvinner
- 28-29. Loppemarknad

## Oktober

- 5-8. 5-7.klasse leir
- 11-14. 7-10.klasse leir
- 26. Haustbasar

## November

- 9-11. 16:30 leir
- 23-25. Barnas songleir

## Desember

- 1. Juleverkstad
- 7. Julemiddag for alle
- 22. Julemiddag for ungdom
- 31.-1 Nyttårsleir

Me tek gjerne imot

**gevinstar til haustbasaren**

og

**lopper til loppemarknaden!**

Ta kontakt på 57 68 43 66.



# I bøn for Lyngmo



Me er så takknemlege for alle som er med i bøn for Lyngmo og for alt som skjer her.

No ynskjer me å spørje om forbøn for leirane som skal vere no i haust. Det er ca 250 deltakarar som kjem til Lyngmo, og opptil 60 leiarar involvert. Me ynskjer at me alle skal bli bedre kjent med Jesus og ta imot alt han har for oss.

Ynskjer du å vere fast forbeder for ein leir og få informasjon om leiren tildelt, så ta gjerne kontakt!

**16-30**

Leiren for deg mellom 16 og 30 år - 9-11. november.  
Meir informasjon kjem på [lyngmoinfo.no](http://lyngmoinfo.no) og Facebook.



**preik.tv**

**Returadresse:**

Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslø  
Telefon: 57684366

E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside: www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3720.07.68427

**B ØKONOMI**  
**ÉCONOMIQUE**



# HAUSTLEIR PÅ LYNGMO

**2-4. klasse:**

**7-9. september**

Pris: 420,-

**5-7. klasse:**

**5-8. oktober**

Pris: 635,-

**7-10. klasse:**

**11-14. oktober**

Pris: 695,-

**Barnas sangleir 2-7.kl**

**23-25. november**

Pris: 495,-

**16:30**

**9-11. november**

Pris: 895/600 (stud)

Leir for ungdom mellom 16 og 30 år. Sjå heimesida vår ([www.lyngmoinfo.no](http://www.lyngmoinfo.no)) eller Facebook for meir info.

**Påmelding:** Send mail til [bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com) eller ring 57 68 43 66.